



Blomeprakt langsmed elva. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rosendal står i sitt finaste roseflor om dagen, men blomeprakten er ikkje så verst i Uskedalen heller.

uskedalen.no er til dømes bedt om å rosa Elin og Geir Enes for at dei har forskjønta vegen langs elva med blomar plassert i stilige smijernsarrangement. – Slikt gjer ein kveldsvandrar glad, seier ein som har ringt oss.

Ein annan vil at vi skal skrive positivt om den store rabatten ved busshaldeplassen som har vorte forskjønna med blomar og andre vekster frå i år. Nå står dei raue rosene i kvar ende av rabatten i sitt vakraste flor og vedlikehaldet av dette område har vore bra gjennom heile sesongen, får vi høyra. Det bør framfor alt Uskedalens eigen "overgartnar" Edvin Kjærland berømmast for, blir det sagt.

Og når vi først er i dette hjørnet bør sjølvsagt også det vakre blome-arangementet utanfor AFA nevast!



Blomeprakt i rabatten (Foto: Ola Matti Mathisen)